



Kurt Indrebø
Åsen 72
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 23/1173 - 23/10595

Saksbehandlar:
Marit Nedreli
marit.nedreli@osteroy.kommune.no

Dato:
10.05.2023

Førebels svar med trong for tilleggskontroll - gbnr 145/48 Nordre Reigstad

Tiltak: Oppføring av uthus/dokkehus og utviding av terrasse
Eigedom: Gbnr: 145/48
Tiltakshavar: Kurt Indrebø
Ansvarleg søkjar: Kurt Indrebø

Kommunen syner til søknad motteken 17.04.2023.

Kommunen har motteke fleire nabomerknader i saka. Desse vert send til ansvarleg søkjar, jf. plan- og bygningslova § 23-4, 1. ledd, sjå vedlegg.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Kommunen ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- Utgreiing frå søkjar kva som eventuelt er gjort for å imøtekome nabomerknadene, jf. plan- og bygningslova § 21-2, 4. ledd.

Kommunen ber om at tilleggskontroll vert sendt inn samla innan 30.05.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka vurdert avvist.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei tilhøva som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Kommunen oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått. For meir informasjon om gebyr sjå kommunen sine nettsider <http://www.osteroy.kommune.no>

Med helsing

Tore Johan Erstad
leiar

Marit Nedreli
fagansvarleg byggjesak

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

145/8 Merknader på nabovarsel
nabovarsel Kurt
145/48 - Nabomerknad
145/48 - Nabomerknad
405932_1_A (1)
Scan_0025
145/48 - Nabomerkand
Bileter

Mottakar:

Kurt Indrebø

Åsen 72

5281

VALESTRANDSFOSSEN